


Prolog



På hundreårsjubileumsfesten til Numedal mållag den 3. juni 2023 vart den gamle prologen frå jubileet til Rollag mållag den 20. november 1998 lese opp i tillegg til ein nylaga del. Båe fylgjer her.

Prologen om dei fyrste 75 åra er skriven av Nils Torsrud, Johan Hamre og Gunhild Torsrud. Prologen om dei neste 25 år er av Gunhild Torsrud og Gunhild Aasen. Ved jubileumsfesten i 2023 vart alt lese opp av dei to sistnemnde. Sjå foto på neste side.



På nasjonaldagen i 1923 det hende på lokalet Fram
at Tore tok ordet og sa-

I Rollag treng me eit mållag ha.

For tanken om norsk folkemål hadde slegi rot,
og kveikt ein eld som gav kraft og mot,
blant kans staute kvinner og menn,
til å arbeida med nynorsk i by og grend.

Og laget vart skipa 27. mai
ein vårdag med grotid me alle er so glad i.
Tore Bergstøl var formann og saman med han,
to staute kvende og fire menn.

Desse var med, dei må nemnast med namn,
då dei alle har vore Rollag Mållag til stor gagn:
Olav Traaen, Kjetil Torsrud, Anna Ståland, Margit Solberg,
Knut Bekkjorden og Ola Lid.

Frå vedtektene:

Desse lovene vart vedtekne:

"§1 Rollag mållag vil samla folket i Rollag til arbeid for den norske målreisingi.

§2 Alle dei som vil fremja lagsføremålet og legg 1-ei- krone i årspengar kan verte lagslemer.

§3 Arbeidsåret vert rekna frå 1. januar til 31. desember.

§4 Årsmøtet skal halast kvart år i januar. Det vel ein formann ved sers val, 4 styremedlemer, 4 varamenn og 2 ettersynsmenn for reknskapen og elles andre ombodsmenn som ein finn turvande. Ein bør helst få med ombodsmenn frå alle skulekrinsar i bygdi.

§5 Styret vel seg i millom varaformann, skrivar og kassestyrar. Det står fyre arbeidet i mållaget og skal nytta alle høve til å fremja laget sitt fyremål. Alle større spursmål som skal fram i laget skal dryftast av styret fyreåt. Når laget finn det tenleg kan dei kalla inn varamenn og dei andre ombodsmenn til sams rådlegging. Styret fører møtebok over vedtak av styret og laget.

§6 Røysterett i laget hev alle som hev lagt årspengane og vore lagslemer minst ein månad. Alle lagsvedtak utanom lovbrigde vert gjort med vanleg fleirtal.

§7 Laget er innmeldt i Numedal fylkeslag. Vert det skipa eit fylkesmållag for Buskerud skal ein straks ta upp spørsmålet um å melda seg inn i dette. Skulde laget verta oppløyst eller skifta fyremål, skal lagseiga då gå til målarbeid i bygdi t.d. av gode målbøker.

§8 Denne lovi kan eit årsmøte brigda med 2/3 fleirtal av dei som møter, men kjem same sak att på tri årsmøte vert ho siste gongen avgjort ved vanleg fleirtal. Framlegg til lovbrigde skal vera kunngjorde gjennom styret minst 14 dagar fyreåt."

Ja, no var det berre å setja i gong,
Syne for folket at målet dei trong.
Dei samlast til stemna på toppane høge,
bad med seg flesbergingar, lyngdølingar
og hadde det løgle.

Flinke skriverar har det vore,
skjønnskifta la dei seg fore,
sirlege bokstavar skrivne med blekk og penn,
turar skildra so livlegt at du høyrer bekken renn.

Samandrag frå det Torstein Torsrud har skrive i møteboka:

Ein sundag i august sumaren 1924 hadde Rollag mållag stemne på Vrågå saman med Flesberg og Lyngdal mållag. Rollingane møttest i søre Bergan og drog samla derifrå litt fyri høgst dag. Det var ikkje so store flokken som stava seg opp etter bakkane, men veret var fint og humøret visst like strålande.

På Hoffsetra var det kvild.

Der var det halde val på utsendingar til årsmøtet i Numedal Fylkeslag. Valde vart Margit Solberg og Torstein Torsrud, varamenn Gunhild Bjørge og Nils Næsset.

Rollingane og Lyngdølingane kom akkurat samstundes fram til Vrågå. Flesbergingane kom litt seinare. Etter nevetaking og takking for sist var fråseggjort på gamal vis, byrja folket med kaffekoking til den store matkvilda. Det seiast at eit par rollingsgjentur som fyrst slo eld, men so hadde dei også «fyr» frå Lyngdal å hjelpe seg med.

Mat og prat høyrer oftast i hop på fjellturar og til vissa i eit slikt trikløver som dette. Matkvilda med dei tri «folka» i kvart sitt vesle læger, med skjemt og solskin og spekekjøtt og spekepølse attåt-var retteleg ei feststund.

Samveret skifte elles med song og prat; og då det lei på ny matkvild utpå ein pynt i nordkant av Vrågå med utsyn nordover Rollags-bygda: Der var det ogso sunge ein song dikta for høvet (av Steinvard).

Veret helt seg heile tida like fint og stemninga var den beste.

Den vellukka Vrågåturen slutta ikkje før seint på eftassida. Og ynskje hjå alle var då; vel møtt til neste sumar.

Samhald, arbeidshug og mykje mot
det hadde alle når tanken slo rot.
Sumarstemna vilde dei få til,
om førbuingane var mange og kveldane lange,
alle måtte trå til.

Olav G. Bergan har skrive i møteboka:

"Den store sumarstemna som Numedal Fylkeslag held til kvar sumar vart i år [1924] halde på Fram i Rollag. Det er eit stort arbeid å skipa ei slik stemna, og mållaget måtte setja mest alle sine folk i arbeid for å få alt i stand, kvar i sine nemnder. Det synte seg at me hadde dugande folk som kunde gjera gagnsverk. Laurdagskvelden, etter årsmøta i fylkeslaget var slutt, hadde mållaget framsyning av «Formål ægteskap». Dei pengane som kom inn på dette gjekk til mållaget, likeeins dei pengane som vart vinst på matsalet.

Andre stemnedagen var det fyrst heilnorsk messe i Rollag kyrkje ved presten Andersen frå Elverum. Og um ettermiddagen talor på stemneplassen av skuleinspektør Roti frå Kongsberg, og av presten Andersen.

Leikarringen frå Bondeungdomslaget på Kongsberg synte fram nokre vakre turdansar og så var det folkevisedans for alle som vilde vera med.

Sist var det kappleik på fele, og mange glupe spelemenner var med å tevla om premiane.

På stemna var det møtt fram omkring 1000 menneskje, vel den største stemne-lyd som hev vore nokon av fylkesstemnone her i Numedal fyrr.

Heile stemna var sers vellukka frå fyrst til sist, og det var vel ikkje minst å takka ein dugande fylkeslags-formann hr. fylkeskuleleiar Tore Bergstøl."

Mange spelstykke vart framørt av dei unge,
dei spela godt og lotten fekk runge.
Formål ekteskap var ikkje berre i namnet,

men sanneleg også i gagnet.

Torstein fekk si viv Margit,

Nils fekk si viv Liv,

Håkon fekk si viv Gunhild,

Torstein fekk si viv Margit.

Mållaget fekk i stand leikskeid med Klara Semb,

og ho sette i gang med fynd og klem.

Leiken gjekk lystig med mange timar,

og gjevaste var det med numedalsspringar.

Frå møteboka skrive av Olav G. Bergan

"Torsdag 18. april byrja leikskeiet [-skeid] med Klara Semb som leikleiar. Dei fyrste kveldane vart haldne på Leikvang. Resten av skeiet var på fylkesskulen. Det var uvanleg stor tilslutnad til skeiet, ikkje mindre enn 68 elevar var med. Og frk. Semb fekk både fart og disiplin i elevane, dei øvde både sangleikar, turdansar og gamal Numedalsspringar så sveitten rann.

Laurdag var det slutfest på leikskeiet som vart halde på fylkesskulen.

Mykje folk hadde møtt fram-særleg ungdom ogso frå grannebygdene var det mange. Det ein fyrst laut legge merke til var at det var mange i nasjonalbunader-særleg blant gjentone. Formannen ynskte festlyden velkommen og gav so ordet til frk. Semb som held teit sær forvitenleg foredag om dansen og korleis den utvikla seg gjennom tidene. Ho tala varmt for den nasjonale dansen vår; men derimot dei moderne negerdansane eller kva det no elles er som me fører inn frå Paris, tykte ho høvde kleint for oss nordmenn. Formannen takka for talen. So vart den store gymsalen rudd og frk. Semb stilte opp leikerane sine i tvo store ringar for å syne festlyden kva dei hadde lært på skeiet. Fyrst fekk me nokre kvikke songleikar som «Småspurven gjeng i tunet» «Guten oppi bakken» «Vesle lerka» «Benedikt og Årolilja» osb. Sea var det turdansar «Firetur» «Marsoverenne». Gamal reinlender og til slutt det store glansnummeret den gamle numedals-springaren som dei hadde bruka halve tida på leikskeiet for å øve inn.

Fagnaden var stor for kvart nr. dei synte fram, og aller størst då numedalsspringaren var gjengen. Seinare var det høve til å vera med i leiken for den som vilde, og springaren vart framsynt fleire gonger. Oppå peisestova vart festlyden boden på kaffe og kaker, og der var det koseleg som det vanleg plar vera. Fru Marie Birketvedt bar fram ein takk frå leikarane som hadde vore med på skeidet og gav henne ein vase til minne om desse kveldane ho hadde vore saman med dei. Frk Semb takka både for gåva og det gode hjartelaget ho hadde vore møtt med her. Som formann i Numedal Fylkeslag bar skulestyrar Birketvedt fram ein takk frå dette til frk Semb. Ho hadde no halde leikskei mest i alle lagi innan fylkeslaget. Kjetil Torsrud bar fram ein takk til frk Semb for det trottuge arbeidet ho hadde nedlagt her og vona me vild få gagn og glede av det me hadde lært. Til slutt var det trekkjing ei svær kringla. So laut alle koma seg på heimveg-eit minne rikare."

På søre Traaen i gamlestova,
dei samlast når kaldveret sto mot nova.
Der var det mang ein triveleg kveld,
med ljøs og varme frå åre-eld.

Frå møteboka skrivi av Nils O. Næsset.

"Rollag mållag hadde årsmøte med festleg samvær i gamlestova på søre Traaen laurdag 31. oktober 1936. Det vart eit herleg ver med klår himmel og glinsande rim av det fine måneljoset. So ein tur i ein slik kveld er noko av ei oppleving. I gamlestova var det pynta som til høgtid og anga av friskt grønt bar då me steig inn gjennom døra. Langbordet var duka og det knittra og brann frå peisen. Retteleg ei nasjonal høgtidsstond.

Aarsmøta tok til med at formann Olav G. Bergan ynskte alle vel møtt og so vart det sunge nokre vers av kyrkjesongar H. Bjørnsruds dikt um Numedal. Bjørnsrud las av Haugtussa..."

Veslemøy
Ho er mager og mørk og mjå
med brune og reine drag
og augo djupe og grå.

*Det er som det halvt om halvt
låg ein svevn over heile ho;
i rørsle, tale og alt
ho hev denne døyvde ro.
Ho gjeng åt sin omskråbenk
og set seg, men veit det knapt,
og tek denne mjølkeskenk,
og sit der roleg fortapt.
Berre barmen gjeng sprengd og tung,
og bevrar om munnen bleik.
Ho er skjelsnde sped og veik,
midt i det ho er ven og ung.
Under panna fager, men låg
lyser augo som att-om eim:
Det er som dei stirande såg
langt inn i ein annan heim. Arne Garborg*

"...og so vart resten av Numedalsdiktet sunge.

Formann las upp skriv frå nynorsk presse om å stydje dette. No tok det til med val av formann. Olav G. Bergan sa frå seg attval og so vart Torstein G. Kongsjorden vald med 12 røyster. Håkon Lid hadde 2 røyster. Det vart val på styrelemer då Olav Næsset og T. Kongsjorden hadde tjent ut. Olav Næsset vart attvald og i T. Kongsjorden stad vart vald Gunhild N. Bjørge. Varamenn for styret vart Martha Bergseid, Nils O. Næsset og Olav H. Tråen. Det vart vedteke å auke årspengane då laget har vanskar med å klare seg.

Kaffe-lars sto no på kokepunktet og kasta god kaffedamp ut blant møtelyden. Lengje var det ikkje før gjentone kom med kannor og brett fulle med kaffe og kakor. Dette sett kveik i gutar og gjentor so dei treiv benkjene og sette dei burt i ei krå. So fann gutane kvar si gjenta og leiken gjekk lystugt over tiljone. Han pus låg roleg burti skåpromet og skoda på leikarane, til slutt sovna han under tonane av «Eg ser på deg og du ser på meg». Det var utlodding av frugt og småsjokolade som vart vunne av frk Lygre. Håkon Lid las upp nokre småstubbar og so gjekk leiken til burtimot 2." (N.O.N.)

Alle syntest ikkje at nynorsk var bra.
Nei, dei ville heller bokmål ha.
Om skulemålrøysting kom det krav,
og det mykje arbeid for målfolket gav.

Då galt det å setja alle krefter i sving,
og nynorsken har sin store venering.
Hallingane hjelpte kan i den hardaste strid,
og me har sigra kvar gong til denne tid.

Nokre var samde med Bastian Svor,
som sa: Åffer skal målet til morra hass Åsen
pugges og læres fra Vadsø til Tåsen.
Åffer ska`n leva på kaldgraut og bjor.
Det ærgrer meir enn du tror.

Målet til mor kans har sigra i Rollag.
Målørøysting om liturgien i kyrkja i 1935
Skulemålørøysting i 39-78-91-97
Styringsgruppe i 1991 var Steinar Berthelsen, Halldis Næsset,
Magnhild Lind og Mona Lid.
I 1997 var Synneva Bergan leiar.

Olav Bergan og Kjetil Torsrud vil me minnast
på ein kveld som denne.
Dei var med frå starten, mange tankar var dei med å tenne.
Dei brann for fråhaldssaka, ungdomsarbeid og målsak.

Spela spelstykkje, dikta songar – var aldri redd for å ta i eit tak.

Møteboka frå tjugetri,
brukar me til denne tid.
Ei gamal bok med gulna blad,
berre det å lesa gjer ein glad.

Ho fortel om alvor og skjemt,
Her blir alle formenn nemnt.

Tore Bergstøl, Kjetil Torsrud, Torstein Kongsjorden,
Olav Bergan, Torstein Torsrud, Torstein Lid, Håkon Lid, Johan Hamre,
Nils Torsrud, Synneva Bergan og Even Tråen.

Even er leiar i jubileumsåret.
Sjølv fekk han målpris på Gol fyrst i året.
Rollagmålet var emnet med ord, vendingar og grammatikk.
Verket er lagt ut på Internett, so no kan me bruke moderne teknikk.

Soga om Mållaget gjennom 75 år,
fortel om skiftande tider og kår.
Trufaste medlemmer har det alltid vore,
som målsaka fram har bore.
Og det må slett ingen undre,
at me gjeng vidare og skal bli hundre.

Dei neste 25 år. Heretter følgjer delen som vart nyskriven til jubileet i 2023

Utruleg, men sant, no feirar me hundreåringen,
og jammen står me her, Gunhildun, og les prologen,
slik me gjorde for 25 år sidan og desse åra er no lagde til.
Det viser seg at me kan få til det me ynskjer og vil.

Festkvelden kom med mange grader minus,
men heile 53 personar kom seg i hus.
Feiring vart det med innbedne gjester som tala for dagen,
og trufaste medlemar som jobba og feira 75 års- jubilanten.

Kåseri v/ Ola Grøvdal vart eit høgdepunkt den kvelden.
Kjente og kjære songar runga i salen.
Mange krefter vart bruka for å få dette til,
og alle var einige om at dette vart gjennomført med stil.

Me bretta opp arman og såg framover.
Mange oppgåver og ynskjer for framtida var ikkje over.
Nynorsk og dialektarbeid var like aktuelt,
me tok fatt på gamle og nye felt.

Rollagsmålet, hefte til Even,
vart bruka som mal for studieringen.
Mange var med, fleire kveldar.
Lærerikt og morosamt tykte me alle det var.

Me gjeng inn i året 1999.

Ingen vil ta på seg leiarverv, men ingen har tenkt å ta fri.

Styret vart eit arbeidslag der oppgåvene vart fordeilt.

For ein kort periode var det greit.

Dialektarbeid er tema til ulike tider.

Ny studiering om stadnamn v/ Even og Sigurd Vinger.

Temakveld sto på programmet i 2002,

150 år sidan Arne Garborg var fødd, i 1852.

Buskerud mållag ville markere og heidre Garborg sitt minne.

Artistane var i Ål i Hallingdal å finne.

Fem sysken Oleivsgard og Sigrun Kaslegard trollbandt kan alle,
ein historisk kveld av høgste kvalitet, med forteljingar og songar for alle.

2003 tok Nils Torsrud på seg leiarvervet og var framleis kasserar.

No trong laget ein dyktig leiar.

Skulle nynorsk vere målet på Rollag skule i framtida?

Mykje arbeid vart lagt ned før avrøystinga.

Møter vart halde, flygeblad sendt ut,

men bokmålet vann til slutt.

Årsmøter har vorte halde, år etter år,

Alltid har trufaste medlemar sørgja for at mållaget består.

Same namna går att, me byttar berre plassar.

Eit år kan ein vere leiar, neste år finn ein namnet som kasserar.

Eller som Nils Torsrud, han hadde begge verva samstundes.

Hans arbeid for mållaget må berre applauderast.

Mange gjeremål hadde han, og når kyre i Solberg kalva på årsmøtekvelden,
ja, då vart det småprating og eting på møtelyden, medan dei venta på leiaren.

Mona Lid tok på seg leiarverv,

og for laget har ho ytt mang ein skjerv.

Dugnadsarbeid, utsending og mange idear,

Slik, set spor etter seg i mange samanhengar.

Tilskippingar hugsar me tilbake på med glede.

50 tok vegen på Per Sivle gilde.

Arnhild Myran Kleiv fann fram kjent skatt som vert bruka mang ein gong

Me fekk høyre: «Den fyste song eg høyra fekk var mor sin song».

På ny tok hallingane turen over fjellet med ny framføring.

Denne gongen hadde dei program om Jakob Sande, ei stor oppleving.

Året var 2005 og Noregs mållag feira 100 år.

Dette skulle feirast med alle lokallag og turen til Oslo går.

Det Norke teater, der me har fem lutar, av 12272, var staden.

Me var mange som var med og stødig sjåfør var Bjørhovden.

Me fekk med oss tørre fakta, men og spelstykkjer som var på kanten.

Triveleg samvær og mykje latter og Nils tykte nok noko gjekk over streken.

Ivar Slette og Tore Tisthamar vil me nemne spesielt.

Lærerar var dei i Rollag og hadde språk som sitt felt.

Nynorskfolk var dei begge og på seminar på Fagernes dei reiste.
Elevane fekk mange artige innspel og dialektord vart skrivi ned på ei liste.

Kvar veke kom eit nytt dialektord opp på dynne.
Lærdom om dialekta fekk elevane og som sikkert er i deira minne,
No har begge karane reist mot vest,
og me takkar dei og ynskjer dei lukke der dei trivest best.

Alf Haugland frå Lunde i Telemark, var ein stor diktar.
Stasjonsmeister i Rollag og Veggli, i mange år han var.
Etter ein ide frå Telemarkskanalen med dikttavler oppetter kanalen,
ville nokon gjere det same oppetter Numedalsbanen.

Desse fekk ideen og drog det heile i land:
Narve og Mona Lid, Even Tråen, Dag Lislien og Jan og Grete Haugland.

Ideen vart sett ut i livet og Mona avduka den fyste tavla på Rollag stasjon.
Mange tavler har det vorte og dikta til Haugland er særeigne og ein sensasjon.
Tavlene er i mållaget si eige og kan studerast med alle sine høgdepunkt.
Studerast, slik Marit Brækhus gjorde i si fordjupning i norsk, som adjunkt.

Gjennom alle desse år har ideane og oppgavene vore mange,
alltid med nynorsk og dialekt i fokus og drøftingar lange.
Alle har me sett og opplevd at dialektane blir borte hjå dei unge oppveksande .
At nynorsk er borte som hovudmål, i heile dalen, har og vore avgjerande.

Det er ikkje berre Numedal som opplever dette.

Heile landet er bekymra, med rette.
Korleis skal me redde spåket sine dyrebare skattar?
Noko måtte gjerast, me tok på oss nye hattar.

Me visste at det låg ordsamlingar, i skåp og skuffar,
nedskrivne av enkeltpersonar, lag og foreiningar.
me visste og at mange eldre sat inne med ord og uttrykk,
skattar som ville bli borte om me ikkje fekk dei på trykk.

Rollag byrja å tenkje stort.
No skulle ingen ting vera ugjort.
Me vil samle heile Numedal, det vart vårt mål.
I protokollen i 2008, les me for fyrste gong ordet; Numedalsmål.

Ideane og arbeidet slo ut til alle kantar.
Dyktige dialektfolk vart kalla inn til møte for å dele tankar.
Kanskje me skulle byrje i Laagendalsposten?
Vekkje interesse, få inn «nye» ord frå heile dalen.
Kanskje det etter kvart kunne gjevast ut ei ordsamling,
- i bokform, for Numedal? Det vart prøving og feiling.

Dette var nokre av ideane som gjekk i vasken.
Men ballane var i lufta, me skulle lande dei på den eine eller andre måten.
Styret i Rollag mållag gav full stønad til gode og ville idear i nokre år.
Me kan lese i protokollen, i styremøte etter styremøte; arbeidet pågår.

So byrjar eit konkret arbeid, arbeid som me ville skulle bli publisert.
Ordsamlingar frå Nore, Uvdal, Veggli og Rollag vart samla og alfabetisert .
Eit arbeidsdokument var på plass med Flesberg som hadde sine samlingar.
No galt det å få til samarbeid, sette ynskjer og idear ut i handlingar.

Året 2014 vart eit minnerikt år for mållaget.
Nore og Uvdal dialektlag, som hadde lagt sitt arbeid på is, blir med på laget.
20. februar, dette året, blir namnet på laget; Numedal mållag.
Oppsparte midlar frå dialektlaga blir overført til Numedal mållag.

Året vart eit merkjeår på ulike vis.
Me fekk med oss yngre krefter i styret, heldigvis.
Bjørn Ole Hovda og Sigrun Blaavarp Heimdal frå Nore, var klare.
Bjørn Ole frå Uvdal, no busett i Rollag, som me håpar vil vare.

Me gjeng nye tider i møte, vekk frå penn og papir, tykkjer me er rett.
Me «luktar» litt på det som finnest av dialektsamlingar på nett.
Med ungdomane på plass i styret, blir det sus i serken.
Sigrun får i oppdrag å hente inn døme på nettside til dialektbruken.

Det som no skal forteljast, står ikkje skrivi i protokollen,
men Gunhild Torsrud vil dele denne opplevinga med denne festlyden.
På eit styremøte viser Sigrun eit døme ho har fått, frå ein nettsidebyggjar.
I Gunhild si tid i mållaget var dette ei av hennar største opplevingar.
Mange års ynskje og planleggjing for dialektane i dalen,
kunne ho no skimte lys i tunellen.

No starta eit møysomeleg arbeid, arbeidsgupper måtte tingast.

Nettsidebyggjar etter våre ynskje og mål måtte finnast.

Pengar måtte på plass, dette visste me ville koste skjorta.

På pågangsmot og vilje til å jobbe har det aldri skorta.

Bjørn Ole og Gunhild T tok fyst turen til eit firma i Drammen,

seinare til Oslo, drog dei sammen.

Ikkje heilt nøgde med nokon av desse to,

leita og venta styret, inntil vidare, let dei det bero.

So dukka Lars Roar Næsset frå Vangen og Plotz opp.

Rolling som han er, ideorientert, dette var topp.

Pengar måtte skaffast, prosjektet kosta flesk.

Buskerud mållag gav oss mest,

50 000kr frå dei, 15000 frå Noregs mållag, og alle kommunane gav resten.

100 000 kr var på konto og me kunne byrje festen.

Me kallar det festen, eller rettare sagt, eventyret.

Flesberg, med Jan Fekjan, er frå 2016 med i styret.

Aldri i mållaget si historie har det vorte lagt ned so mange arbeidstimar.

Møter, e-postar, nettsidebyggjing, er det som no krev våre tankar.

Med alle reglar som gjeld for nettsida, kunne me sjå framover no,

kontrakt med Vangen og Plotz og eige domene, Numedalsmal.no.

Og ikkje minst, tretti solide, dialektsterke personar har sagt ja,

Dei tek på seg det viktigaste arbeidet, å mate nettsida.

Kvar bygd har si ordbok og her er alle som var med frå starten:

Frå Flesberg: Jan Fekjan, Kristin Baalerud, Jan H. Lislien og Åge Bjørnsen.

Frå Rollag: Ragnhild Hov, Asbjørn Skarpmoen, Gunhild Aasen, Bjørn Ole Hovda, Sigurd Fjose og Inga Bergan.

Frå Veggli: Åsne Bergset, Petter Tveiten, Reiar Tveiten(100 år i 2022, født året før mållaget vart skipa) Jenny Tveiten, Liv Hagen, Torstein Toeneiet, Peder Toeneiet, Gunvor Bogstrand, Tore Bogstrand og Gunhild Torsrud.

Frå Nore: Sigrund Blaavarp Heimdal, Magnhild Blaavarp, Torkel Wetterhus, Gunnlaug Tråseviken, Halvor Lesteberg, Gunvor Kravik, Aasta Skarpås, Anne Lise Hovd, Svein Sporan, Målfrid Blaavarp Bergstøl og Lars Erik Jakobsen.

Frå Uvdal: Sigrid Huseby, Ragnhild Tveiten, Gunhild Brun, Arvid Brun, Lars Livrud, Vidar Imingen og Marit Angeltvedt.

Me har og opplevd sorg og sakn, fire frå arbeidsgjengane har gått bort.

Me minnst og heidrar dei for det arbeidet dei fekk gjort.

Arvid Brun, Ragnhild Hov, Åsne Bergset og Petter Tveiten.

Me takkar dei på vegne av alle som vil ha glede av innsatsen.

Mykje trevnad, latter og heftige diskusjonar har det vore, når alle treffast.

Kvart ord, uttrykk og bøygningar skal godkjennast og kontrollerast.

Ufatteleg mykje arbeid låg bakom, før nettsida kunne brukast.

Ein stolt gjeng hadde i 2016 eit produkt som kunne visast.

28. juli dette året, i middelalderveka, Sevletunet var staden,
då Bjørn Ole endeleg kunne trykkje på knappen.

Med opningsbilde av Johan Brun, Blåne bak Blåne, var det heile i gang.

Heile femtisju personar fylgde spent med heile kvelden lang.

Me minnast ein gievande og triveleg kveld,
med kveding av Åsne, ordtevling, matservering vart sida opna med hell.

Dette gav meirsmak og nye arrangement låg raskt i støypeskeia.
Me ville at mållaget skulle stå på kartet, me hadde meir i same leia.

Heilt sidan mållaget vart stifta og fram til i dag,
målet er bruken av nynorsk, me skal greie det i lag.
To karar, Ola Aasen og Johan Hamre, to trufaste nynorskbrukarar,
stifta i 2016 samtalering der fleire er med og deler sine tankar.

Med fortljingar og songar i bagasjen,
tok fleire turen til barnehagen.
Songbøker på nynorsk vart delte ut og nokon las.
Små og store tykte dette var stor stas.

Det er eit faktum at dialektbruken hjå born og unge er avtagande.
Mållaget tek ymse steg for å gjere bruken morosam og spanande.
Magnhild Blaavarp har funne fram CD-ar med eventyrforteljingar,
forteljingar fortalde på noring som ho tek fram i ulike samanhengar.
Sigrun melder om tidleg bruk av nettsida, i skuletid.
Dyktige damer og noringar som sett spor etter seg i dialekta si framtid.

Sigrun er leiar i desse viktige og historiske tider.
Mållaget og mållagsarbeid er i fokus og vil vise fleire sider.
Protokollesning frå 2016 og framover syner at her er det aktivitet,
og det manglar ikkje på kreativitet.

Planar blir lagde og sett ut i livet og juli 2016 er Sevletunet staden for samling.

Med 59 tilhøyrerar, bygde- og hyttefolk i sann forening,

«Numedalsmålet, ein levande arv frå middelalderen»,

Bjørn Ole sitt opplegg og framføring vart ei oppleving for møtelyden.

Bjørn Ole tok kontakt med målførerarkivet.

Han ville hente lydopptak på dialekt, teke av bygdefolket.

No kan me finne fleire opptak på nettsida under «På dialekt».

Set deg ned, lytt og nyt desse opptaka. Det er so kjekt.

Dialektkveld på Nore og Uvdal bygdetun, 30. november 2017

Deltakarar kom frå Dagali i nord til Flesberg i sud, den kvelden.

Sigrun ynskte velkomen, Bjørn Ole presentera dialektnettsida, uferdig og enda ikkje opna for publikum, men no nærmar det seg tida.

Lars Jakobsen auste av alle sine forteljingar, som alle er so glade i.

Spørjetevling hørte me og til allsongen stemte alle i.

Årsmeldinga frå 2018 er ei spanande lesning.

Planar og idear frå år tilbake er no sett ut i handling.

At året har vore aktivt kan dokumenterast i protokollane,

med 840 e-postar og telefonar mellom styremedlemene.

8. mars sto dialektkveld på Flesberg bibliotek på programmet.

Morosame forteljingar av Lars Jakobsen og Jan Lislelien var velkomne.

Sigrun med foredrag og dialektsidevisning, spørjetevling og kaffekos.

Heile 70 personar fann vegen og kvelden enda med ros.

Nynorskurs 4. april for norsklærerar, 15 i talet, frå heile dalen,
Språkkonsulent Aud Søyland sto for undervisninga den dagen.
Møtestaden var Veggli skule og påfyll av kunnskap om nynorsk slo til.
Numedal mållag hadde ideen og rektorane i dalen gjennomførte med stil.

27. juli blir ståande som ein minnerik dag i mållaget si historie.

Nettsida, Numedalsmål.no, blir lansert, nesten med glorie.
Kyrkjestugo i Rollag var staden og heile 132 gjester tok turen
Sigrun leia festen, tok imot og ynskte festlyden velkomen.

Bjørn Ole har vore den sentrale i nettsidearbeidet, heilt sidan starten.
Me kan med sikkerheit si, utan han hadde alt vorte berre ved tanken.
Han fekk det ærefulle verv, med rette, å opne nettsida for heile verda.
Høgdepunktet for alle i styret, og alle ville dele den gleda.

Sylfest Lomheim og Even var med å kasta glans over gildet.
Ein vellukka og triveleg kveld som alltid vil vere i minnet.
Mållaget har utforma og laga krus til premieringar og gåver.
Mange vart delte ut denne kvelden som takk og heider.

Målpris vart delt ut for fyste gong, med diplom, krus, middag og blomar
Kjetil Nørstebø frå Uvdal, farmen-deltakar,
prata uvdøling på fjernsyn, so det koka etter.
Me heidra han for dialektbruken og håpar andre fylgjer etter.

Med nettside som er oppe og går er det gjevt å vise bruken.
Sigrun tok turen til Norsk målungdom sin vinterleir på Eina i 2019.
Ho føredrog om dialektnettsida og responsen var god.
Bra respons vart det og på rååfiskfesten nr. 100, same året, i Oslo.

Buskerud mållag har lagt fleire styremøter til Numedal dei siste åra.
Med dialektnettsida har mållaget stått på kartet den siste tida.
Det heile vart krona med målpris for 2018.

Kristin, Bjørn Ole og Gunhild tok turen over fjellet, til Gol, og sto for takken.

Kristin Baalerud, fyrst fast vara for Jan Fekjan, no fast styremedlem.
Ho fekk laget med i Flesberg Folkeakademi som medlem.
Når føredragshalderar kjem langvegs frå tek dei ofte reiserekninga.
Ho forma søknad til Kværnums minnefond som gav 30000 til den vidare utviklinga.

Mykje stoff av ymse slag er mata inn på sida,
men planar finnest det, som kanskje ser dagens lys i framtida.
Leik og lær er eit av temaa, retta mot barn og unge, tilpassa deira alder.
Mange tankar og idear har vore på skrivebordet, men framleis berre der.

Middelalderveka i 2019, Sevletunet er staden og tema er dialeka i Numedal .
Pesjonert fyrsteamanuensis Eric Papazian foredrog med fullsatt sal.
Bjørn Ole med kåseri som tilsvar og Sigrun og Kristin kveda.
Med byggrynssuppe, kaffe og kaker i magen kunne 70 tilstades nyte stunda.

Sevletunet vart fast møtestad når det var venta mange under same tak.
Same året er temaet distriktsdoktor Bang, historikk, forteljingar og lydopptak.
Lydopptak, i fleng, der bygdefolk fortel sine saftige historier om doktoren.
Vellukka kveld med mange frå familien og bygdefolk samla, 80 denne gongen.
Karvekålsuppe, ynglinssuppa til Bang, vart til fulle konsumert.
Bjørn Ole og Gunhild kunne kvile på sine laurbær, teknikken fungerte supert.

Dialektsida byrjar å bli kjent og vekkjer interesse, i by og land.
Bjørn Ole presenterte sida for Rotary på Lampeland.
Sigrun tok for seg same tema på jubileum for Foreningen Norden.
Mange var samla, heile 70, og Lampeland var staden.
Ho rakk nesten ikkje å pakke ut. Oslo var neste stopp.
Dagseminar for nytt prinsippprogram for Noregs mållag var topp.
Same dag var temaet «unge vaksne» ei samling for unge og/eller nye i leiarverv
Dette passa leiaren bra og sjølvsagt fekk ho reklamert for det nye erverv.

I 2020 er Bjørn Ole leiar.
Anne-Line Ringhus kjem inn som skrivar.
I styret elles, Karsten Johannesen, Kristin Baalerud og Gunhild Torsrud.
Vara til styret er Lars Jakobsen og Lars Livrud.

Revisorar må laget ha og dei har vore trufaste i laget.
Steinar Berthelsen og Narve Lid har i år etter år teke på seg vervet
Me finn Steinar som revisor i 1997 og Narve frå 1998, 51 år til saman.
Me gjev ein stor applaus for stødige karar og håpar de vil halde fram.

Etter mange forebuingar hjå samtaleringen, vart det, i 2020 skrivetevling,
10.klassingane i heile dalen var med og det heile enda med premiering.

Karsten gav av eiga lomme, Tolkien-bøker til alle skulane,
ei eksta påskjønning og eit varig minne om tevlingane.

Sensorar stilte opp, Knut Erik Reisjå, Niri Baklid og Ragnhild Vihovde Kallestad,.
Even og Narve reiste dalen opp og ut for å inspirere til å delta.

Pandemien kom til å prege dette året og eit år til.
Den digitale verda hjelpste laget til å halde kontakt og utføre det som måtte til.
Årsmøter, styremøter og sosial kontakt foregjeikk på nett.
Nokre gonger fann styret ut at dette fungerte, rett og slett.

Men endeleg kunne styret treffast, mykje trivelegare og gildare.
Kristin er ny leiar frå 2021, men styret ber om at Bjørn Ole blir med vidare.
Karsten gjeng ut av styret og Lars Livrud blir fast medlem frå 2022.
Mållaget vart medlem i Bygdetunets vener og fast møteplass vart Toenstugo.

Etter invitasjon vart det forteljarkveld om Bang på Bergtun omsorgssenter.
Eit kjærte tema for bebuarane som kjente han og hadde hatt han som «døkte».
Litt seinare gjekk turen til Nore og Uvdal bygdetun med opplegg ganske likt.
Stugo var fylt med ivrige tilhøyrarrar, eit vellukka treff og minnerikt.

Kontakta med barnehagane i dalen har vore fin.
Dette året fekk alle songboka: Vil du vere venen min?
Boka vart tinga frå Buskerud mållag.
Songglade hallingar hadde samla songar i lag.

I Middelalderveka dette året var temaet: Språkkveld.

Kristin Fridtun prata om kvardagsorda våre, eit tema framført med hell.
Med suppe, kaffe og kaker innabords slapp Lars Jakobsen laus med historier.
Latteren sat laust og alle drog heim med stor takk til Lars, vår historikar.

Kristen leia kvelden med stø hand
og kvea til velkomst og vel heim, som berre ho kan.

På ein kveld som denne vil me helst nemne alt positivt,
men styret vil ikkje stikke under ein stol at noko har og vore kjipt.
Samarbeidet med Vangen og Ploz har ikkje alltid gått på skjener.
Løysningar forhandlast fram og me håpar mållaget på det tener.

Heldige er mållaget at dei har kommunane i ryggen.
Etter søknad, kvart år, har pengar kome inn på kontoen.
Styret veit at ansvar for å drive sida vil gå i arv til nye styrer.
Ingen tvil, dette kjem til å gå bra og kanskje tek dei sida til nye høgder.
Noverande styre gjer det dei kan for å styre pengesekken,
Ikkje eit øre blir sløsa bort, dugnad er ein sjølv sagt ting og ære er takken.

Stolte og takksame er laget, alle tilstellingar som er skipa til dei siste åra
har folk strøymd på og alle arrangement har vorte med overskot skåra.
Hundrevis av dugnadstimar er lagt ned, hjå arbeidsgrupper og styret over tid.
Eit arbeid alle kan vere stolte av, eit arbeid sikra for all framtid.

Nasjonalbiblioteket vil foreta innhausting og evig lagring av nettsida.
Og den gamle protokollen frå 1923 er digitaliset og lagra for framtida.

Me vil nemne ved namn alle som har ytt av si tid i mållaget sidan 75års-jubileumet.

Våre tankar og takk går spesielt til dei som ikkje er med oss lenger.

Synniva Began, leiar, styremedlem m.m.

Einar Bergan, styremedlem m.m.

Ingeborg Henriksen, styremedlem m.m.

Gunvald Bergan, styremedlem m.m.

Magnhild Lind, styrmedlem m.m

Ingebjørg Stærnes, styremedlem m.m

Ragnhild Hov, styremedlem

Nils Torsrud, leiar, styremedlem, kasserar m.m.

**Me minnst Nils. Han var laget sitt eldste medlem, nær 92 gamal,
og Åsne Bergset, som begge døydde i 2022.**

Glade er me for alle som framleis er med i laget og som hatt ulike verv.

Even Tråen, leiar, styremedlem

Arnhild Myrann Kleiv, styremedlem m.m.

Johan Hamre, styremedlem, skriar, samtalering m.m.

Mona Lid, leiar, styremedlem m.m.

Maren Næsset, ymse verv

Sigurd Fjose, styremedlem, skriar m.m.

Liv Jorunn Frogner, styremedlem m.m.

Ola Aasen, styremedlem, samtalering m.m.

Gunhild Aasen, styremedlem, skriver i åtte år m.m.

Anna Traaen Hovda, styremedlem, skriver m.m.

Sverre Heimdal, ymse verv

Magnhild Blaavarp, styremedlem m.m.

Sigrun Blaavarp Heimdal, leiar

Karsten Johannesen, styremedlem

Jan Fekjan, styremedlem

Knut Halvor Traaen, ymse verv

Lars Erik Jacobsen, vara til styret

Vigdis Tveiten, ymse verv

Fleire har gjennom åra vore med i styret i Buskerud mållag.

Johan Hamre og Karsten Johannsen er med frå 2022.

Dette er arbeidsgjengen som utgjer styret m.m. i jubileumsåret, 100 år

Kristin Baalerud, leiar

Anne- Line Ringhus, skriver

Gunhild Torsrud, kasserar

Bjørn Ole Hovda, styremedlem

Lars Livrud, styremedlem

Vara til styret: Sigurd Fjose, Sigrun Blaavarp Heimdal

Valnemd: Torkel Wetterhus, Mona Lid

Revisorar: Narve Lid, Steinar Berthelsen

Samtaleringen: Johan Hamre, Ola Aasen

Me går mot jubileum for 100 åringen, 3.juni 2023

I skrivande stund, prolog blir skreven, det tek si tid.

Styret sitt arbeid dette året har vore å planleggje denne kvelden.

No er planene sett ut i livet og her er me samla, for å heidre jubilanten.

Håpar alle vil kose seg og nyte tilstellinga, og at alle eit godt minne får.

Eit minne og arrangement som nokon kanskje skal skrive prolog om, om 25 år?

Mykje er uvisst, men eit er heilt sikkert, av naturleg grunn.

Neste prolog blir ikkje skreven og framført tå kan, Gunhildun.

Me håpar og trur at nye krefter vil ta over og gje mållaget ei framtid med hell.

Me takkar for oppmerksomheten og ynskjer alle ein triveleg kveld.